



Forum for Kontroll og Tilsyn
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Dato: 11.05.2018
Vår ref.: 2014/10539-24
Dykkar ref.:

Partsbrev - Høyringsutkast - Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 38/18 «Høyringsutkast – Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet» etter møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2014/10539-23

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	38/18	07.05.2018

Høyringsutkast - Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet

Bakgrunn for saka:

Det er motteke slik e-post frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), som Hordaland fylkeskommune er medlem av:

«Til FKTs medlemmer og Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

FKT sender med dette på høring forslag til veileder «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet».

Veilederen er blitt til på bakgrunn av at vi vet at det er store variasjoner mellom sekretariatene både når det gjelder hvor mye tid som benyttes på kontrollutvalgene og hvilke oppgaver som utføres. Det er en utfordring at kontrollutvalgene mangler sammenligningsgrunnlag, og at det i utgangspunktet kan være vanskelig å vite hva som kan og bør forventes av sekretariatene.

Vi håper på mange gode innspill fra dere slik at veilederen kan bli et godt redskap. Innspill kan sendes til FKT - individuelt eller samlet fra kontrollutvalget eller sekretariatet.

Høringsfristen er satt til mandag 7. mai

Den endelige veilederen blir presentert på [fagkonferansen 29. - 30 mai](#) (Det er ikke for sent å melde seg på)

Mottakerne av denne e-posten er kontrollutvalgsledere og ledere for sekretariatene, samt NKRF. Vi ber om at veilederen blir videresendt til medlemmer i kontrollutvalgene og ansatte i sekretariatene.»

Høyringsutkastet av vegleiaren ligg ved saka.

FKT sende melding 13.04.2018 om høyringsfristen er forlenga til 16.05.2018.

Drøfting:

Kontrollutvalet bør på bakgrunn av høringsutkastet drøfte seg fram til om ein vil kome med konkrete forslag til endringar i vegleiaren eller om utvalet sluttar seg til innhaldet.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*».

Ut frå det som kjem fram under drøftinga vert det tilrådd at kontrollutvalet enten kjem med konkrete forslag til endringar i vegleiaren, punkt 1 i forslag til vedtak, eller sluttar seg til innhaldet i denne, punkt 2 i forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*» og har slike forslag til endringar i vegleiaren:
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vart samde om velga punkt 2 i forslag til vedtak.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Høringsutkast - Veileder - Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet